



Jostein Almås frå Stord er truleg den som har teke mest fisk i elva til no denne sesongen

Til no er det rapportert inn fangst av 161 kilo laks og aure i Uskedalselva sidan fiskestarten midt i juni. Rapporteringa skjer til den nye nettsida til elveeigarlaget. I lista over fangstane er ikkje alle fiskane som er teke til no med og oversikten er noko mangelfull. Den største fisken på lista veg vel 6 kilo medan dei største uskedalen.no har meldt om er 8 og 7 kilo

Rapportskjemaet inneheld desse fangstane som er mellom 4 og 7 kilo:

Asbjørn Rød 6,1
Just Lommelaars 5,5
Sindre Aksnes 5,4
Bjørn Aasen 5,2
Einar Vikanes 5,2
Frode Aakre 4,8
Jone Rørheim 4,5

Reidar Bauge 4,2
Øyvind Bakke 4,0
Anonym 4,0

Det er berre SPAR som sel fiskekort dette året og det er ifølge nettsida sett eit tak på 35 årskort som eitt av tiltaka med kultivering. Gunn Mari Moberg i SPAR opplysar at det så langt er seld 27 årskort og at totalt 70 utdelte kort er selde.

SPAR har hatt betydeleg pågang frå folk som vil kjøpa kort men hadde i dag ikkje fått beskjed frå elveeigarlaget om kva som skal skje vidare. Laget melder ikveld at salet av døgnkort held fram.

Leiar Johannes Feet er godt fornøgd med innrapporteringa på bakgrunn av at dette er eit nytt tiltak. Han strekar under kor viktige fangstrapportene er med tanke på vidare kultivering og planleggjing av fiske-uttaket i elva.

Ein av dei heldige fiskarane i Uskedalen dei siste dagane er forøvrig ein rumenar som er i arbeid som målar ved Sandakaien. Daniel Roman fanga eit laks på 3,45 kilo men det var i Stølavikjo og ikkje i elva.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen